



KOMM. OG REG. DEP
27 FEB 2005
05 / 3280 - 316
Ark: 661.0
Arkiv: 151
Avd. KO / KO / HER

Saksbehandler: Magne Værholm
Arkivsaksnr.: 06/00061

HØYRIING - NOU 2005: 18 FORDELING, FOREKLING, FORBEDRING - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Saksnr.:	Utvalg	Møtedato
0007/06	Formannskapet	30.01.2006
0007/06	Kommunestyret	16.02.2006

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1. Vestnes kommunestyre viser til NOU: 18 Fordeling, forekling, forbedring – Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar, og vil spesielt peike på at foreslalte endringar i kriteria for psykisk utviklingshemma kan føre til store utilsikta inntektstap for vertskommunane.
Det vil også føre til at det vert meir uoversiktleg og vanskeleg å vurdere inntektsanslag for vertskommunane.
2. Vestnes kommunestyre krev at staten går tilbake til tilskotsordninga som har vore gjeldande fram til 2005, der heile vertskommunet tilskottet vart gitt som øyremerk tilskott.

Behandling i Kommunestyret den 16.02.2006 sak 0007/06

Avrøysting:

Samrøystes vedteke, som innstillinga.

Vedtak:

Kommunestyret sitt endelege vedtak:

1. Vestnes kommunestyre viser til NOU: 18 Fordeling, forekling, forbedring – Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar, og vil spesielt peike på at foreslalte endringar i kriteria for psykisk utviklingshemma kan føre til store utilsikta inntektstap for vertskommunane.
Det vil også føre til at det vert meir uoversiktleg og vanskeleg å vurdere inntektsanslag for vertskommunane.

2. Vestnes kommunestyre krev at staten går tilbake til tilskotsordninga som har vore gjeldande fram til 2005, der heile vertskommunetilskottet vart gitt som øyemerka tilskott.
-

Behandling i Formannskapet den 30.01.2006 sak 0007/06

Ordføraren si innstilling:

1. Vestnes kommunestyre viser til NOU: 18 Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar, og vil spesielt peike på at foreslårte endringar i kriteria for psykisk utviklingshemma kan føre til store utilsikta inntektstap for vertskommunane.
Det vil også føre til at det vert meir uoversiktleg og vanskeleg å vurdere inntektsansлага for vertskommunane.
2. Vestnes kommunestyre krev at staten går tilbake til tilskotsordninga som har vore gjeldande fram til 2005, der heile vertskommunetilskottet vart gitt som øyemerka tilskott.

Roald Fiksdal (Ap) sette fram følgjande forslag til eit nytt pkt.2

Framlegg I

Vestnes kommunestyre krev at staten går tilbake til tilskotsordninga som har vore gjeldande fram til 2005, der heile vertskommunetilskottet vart gitt som øyemerka tilskott.

Ordføraren endra si innstilling, slik at Framlegg I framsett i møtet gjekk inn som pkt.2 i ordføraren si innstilling.

Avrøysting:

Samrøystes vedteke, som innstillinga.

Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1. Vestnes kommunestyre viser til NOU: 18 Fordeling, forenkling, forbedring – Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar, og vil spesielt peike på at foreslårte endringar i kriteria for psykisk utviklingshemma kan føre til store utilsikta inntektstap for vertskommunane.
Det vil også føre til at det vert meir uoversiktleg og vanskeleg å vurdere inntektsansлага for vertskommunane.
2. Vestnes kommunestyre krev at staten går tilbake til tilskotsordninga som har vore gjeldande fram til 2005, der heile vertskommunetilskottet vart gitt som øyemerka tilskott.

SAKSUTGREIING:

Innleiing

Inntektssystemutvalet blei oppnemnd ved kongeleg resolusjon av 3. oktober 2003. Utvalet leverte si utgreiing i NOU 2005:18.

Utvalets mandat var å foreta ei brei fagleg gjennomgang av fordelingsmekanismane i inntektssystemet med sikte på å kome fram til eit mest mogeleg enkelt og rettferdig system.

Utvalets utgreiing er tilgjengeleg i elektronisk form og kan lastast over internett fra Kommunal- og regionaldepartementets heimeside: www.krd.no.

Kommunane er blant mange andre høringsinstansar og har høve til å kome med kommentarar.

Dokumentet er svært stort og omfattande og er på heile 500 sider. Administrasjonssjefen ser det ikkje realistisk å ta ei fullstendig gjennomgang av utvalets rapport, men vil spesielt peike på endringane som gjeld tilskott til psykisk utviklingshemma.

Utvalets framlegg vedk. psykisk utviklingshemma

Utvalet foreslår at psykisk utviklingshemma under 16 år ikkje lenger skal vere eit kriterie i inntektssystemet. For vår kommune betyr ikkje det noko spesielt då vi for denne gruppa har eit gjennomsnittleg tal.

Psykisk utviklingshemma over 16 år skal fortsatt vere eit kriterium MEN vektinga (betydninga) er foreslått sterkt redusert, frå 0,182 til 0,1091.

Det betyr i praksis at vi får mindre i overføring pr. brukar enn med nogjeldande ordning.

Forslaget til ny kostnadsnøkkelen innebærer at utvalet ikkje har funne fram til eit nytt kriterium som kan erstatte kriteriet for ant. psykisk utviklingshemma over 16 år. Utvalet legg vidare til grunn at dagens ordning med ekstra tilskott til ressurskrevjande brukarar skal vidareførast og skal fungere saman med den nye kostnadsnøkkelen.

Utvalet meinar at ein vesentleg del av dei ressurskrevjande brukarane er psykisk utviklingshemma. Dei meiner då at effekten av nedvektinga av kriteriet for psykisk utviklingshemma må ein sjå i lag med ein forventa auke i tilskott til ressurskrevjande brukarar.

Økonomisk konsekvens for Vestnes kommune

Utvalets forslag til ny kostnadsnøkkelen for kommunane medfører at vertskommunane får reduksjon i rammeoverføringane.

For Vestnes kommune er det antyda ein reduksjon på 2,0 mill. kr pr. år.

Kor mykje av inntektstapet vi evt. vil få dekka gjennom auka tilskott til ressurskrevjande brukarar er uvisst, det er ikkje antyda noko om dette i utvalets rapport.

Framlegg til endringa i kriteriedata fører også til at det vert meir uoversiktleg når det gjeld inntektsanslag for kommunen vår, og truleg vil vi tape mykje pr. år på endringane. Vi har heller ikkje garanti for at ordninga med tilskott til ressurskrevjande brukarar fortsetter, vi har allereie sett at den ordninga er gjort mindre gunstig for kommunane.

Som vertskommune vert vi enno meir sårbar for endringar i inntektssystemet og det vert svært vanskeleg å følgje med i kor mykje av tilskotta som gjeld vertskommunefunksjonen.

Administrasjonssjefens vurdering

For vertskommunane vil det vere ein stor fordel om ein kan gå tilbake til den ordninga vi har hatt fram til 2005 der heile vertskommunetilskott vert gjeve som eige tilskott.

Vedlegg:

Særutskrift til: Det kongelige kommunal- og regionaldepartement
Arkivkopi.

